

AVTALE OM OVERTAKING OG BRUK AV BERBAR DATAMASKIN I DEN VIDAREGÅANDE SKOLEN

MELLOM

Møre og Romsdal fylkeskommune , org nr 944183779, og

elev Pers.nr.....

1. UTSTYR

"UTSTYR" er i datamaskinen, ladar og programvare. Utstyret er lista nedanfor:

Lenovo T470

Operativsystem	Windows 10 Pro 64 Nordics
CPU	Intel Core i3-7100U Processor (3MB Cache, 2.4GHz)
Minne	4GB DDR4-2133 SODIMM
Disk	128GB Solid State Drive, SATA3
Nettverkskort	1 Gbit/s
Trådløst	Intel Dual Band Wireless AC(2x2) 8265, Bluetooth Version 4.1
USB porter	3 x USB 3.0, 1 x Thunderbolt 3 (USB 3.1)
Kortleser	4 i 1 leser
Kamera	720p HD Camera with MIC
Skjerm	14.0 HD(1366x768) TN Non-Touch
Lader	45W AC adapter - EU(3pin)
Batteri	2 stk 3 celler, totalt 48 Whr
Tastatur	Norsk
Pekeplate	3 + 2 knapper ThinkPad
Størrelse/vekt	33.66 cm x 23.25 x 1.995 cm, 1.65 kg
Garanti	3 år
Forsikring	3 år

Serienummer (vert påført ved utlevering):.....

2. BRUK

Utstyret skal brukast i opplæringsamanheng så lenge eleven mottok opplæring fra Møre og Romsdal fylkeskommune etter opplæringslova.

Eleven skal handtere utstyret med varsemd, slik at det ikkje vert utsett for skade ut over det som følgjer av vanleg bruk. Eleven skal til ei kvar tid syte for at utstyret er forsvarleg oppbevart for å hindre tjuveri.

Ved skade på utstyret skal skolen underrettast utan ugrunna opphald. Ved skade på utstyret som skuldast bruk i strid med skolens reglement/aktlaus oppbevaring og transport kan eleven bli heldt økonomisk ansvarleg for utbetring av skaden.

Typenemning, fabrikasjonsnummer og liknande som tener til identifikasjon av datautstyret skal ikkje fjernast.

3. BETALING

Med heimel i forskrift til opplæringslova § 19-6 betaler eleven ein eigendel kvart år i tre år. Eigendelen er lik den lågaste stipendsatsen i det årlege ikkje-behovsprøvde utstyrsstipendet frå Statens lånekasse. Faktura vert sendt ut omkring 15.november kvart år med betalingsfrist 30 dagar. Ved for sein betaling vert det sendt ei purring. Purring medfører forseinkingsrenter i samsvar med den til kvar tid gjeldande prosentsats etter lov om renter ved for sein betaling. Ved manglande betaling etter purring vert kravet sendt til inkasso.

Dersom eleven sluttar i vidaregåande opplæring driven av Møre og Romsdal fylkeskommune før alle eigendeler er betalt, skal utstyret leverast tilbake. Innleverte maskiner må vere utan skade, jamfør punkt 2 i denne avtalen. Fristen for å levere tilbake PC-en er 14.september. Vert maskina levert tilbake etter denne datoen må første eigendel betalast. Eleven kan behalde utstyret dersom ho/han betalar inn attståande eigendel.

Ved innlevering av utstyret etter 14. september mister eleven retten til fylkeskommunen sin pc-ordning.

Dersom eleven er under 18 år skal rekningane skrivast ut til føresette. Ver vennleg å fylle ut følgjande opplysningar:

Namn til føresett som rekningane skal skrivast ut på:

Adresse:

Postnr. og poststed:

Fødselsnr. 11 siffer (til bruk i kunderegisteret)

4. SERVICE OG FORSIKRING

Møre og Romsdal fylkeskommune har teikna avtale om service- og uhellsforsikring for utstyret. Avtalen er gyldig i tre år frå skolestart 2017. Dersom utstyret leverast til service/reparasjon vil Møre og Romsdal fylkeskommune syte for at utstyret vert reparert og levert tilbake til eleven.

Forsikringa gjeld ikkje ved aktløyse. Forsikringa dekkjer ikkje tjuveri, tap av utstyret, skade eller tap av programvare og data, normal slitasje og kosmetiske skadar.

5. MISHALD

Ved mishald av avtalen kan Møre og Romsdal fylkeskommune heve avtalen. Heving medfører at eleven umiddelbart må levere tilbake utstyret. Innbetalt beløp vert ikkje betalt tilbake.

6. TVIST

All usemje som oppstår i samband med denne avtalen skal først søkjast løyst utanrettsleg mellom partane.

Som verneting har partane vald elevens verneting.

7. AVTALEDOKUMENT

Denne avtalen er utferda i 2 originale eksemplar, eitt til kvar av partane.

[Elevens namn]*

[Skole]

[eleven sin signatur]

[autorisert representants signatur]

Dersom Eleven er under 18 år må denne avtalen underteiknast av eleven sine føresette. Med dette stadfestar dei også at dei er kjende med forplikingane som følgjar av denne avtalens pkt. 3.

[Føresette sitt namn]

[Føresette sin signatur]